

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FE - 141	16/822

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
92/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016
103/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Reviderte føresegner til kommuneplanen sin arealdel

### Vedlegg:

Revisjon av føresegnene til arealdelen, adm framlegg

Revisjon av føresegnene til arealdelen, endeleg framlegg

Uttale - Offentleg ettersyn - Reviderte føresegner - Meland - Kommuneplanen sin arealdel

Revisjon av føresegnene til kommuneplanen sin arealdel (KPA) - Meland kommune

Evaluering og justering av føresegnene til kommuneplanen sin arealdel

Revisjon av føresegnene til arealdelen, høyringsutkast

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Framlegg til justering av føresegnene til kommuneplanen sin arealdel har vore kunngjort og sendt på høyring i tråd med formannskapet sitt vedtak i sak 36/2016, møte 20.04.2016. Høyringsfristen var 20.06.2016.

Det kom inn uttale frå Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen, begge datert 16.06.2016. Begge instansane ber om at definisjonen av bueining blir tydelegare i føresegnene. Statens vegvesen ber i tillegg om at kravet deira om trafikkisikring av krysset på Holme blir meir konkretisert i § 1.5.6, og dei meiner at definisjonen på talet på einingar i område for spreidd busetnad slik det er definert i § 3.2 framleis er i strid med deira godkjenning av planen i utgangspunktet. Begge instansane reknar elles med at tal på nye bustader og naust gjeld frå vedtaket av kommuneplanen 17.06.2015, ikkje frå denne revisjonen.

Administrasjonen er elles gjort merksam på ein innbyrdes motstrid i føresegnene ved at småbåthamner og flytebyggjer har fått unntak for plankravet inntil ei viss grense i § 2.1.1a, men utan at temaet er omtala i § 1.2, som omhandlar plankrav generelt.

### Vurdering

Merknadene frå Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen er kurante og administrasjonen rår til at

- definisjonen av bueining blir tydelegare med tilvising til paragrafar
- ordlyden i § 1.5.6 blir endra i tråd med uttalen frå Statens vegvesen

- ordlyden i § 3.2 blir endra slik at nye einingar i område for spreidd busetnad gjeld einebustader utan sekundærhusvære

Administrasjonen rår elles til at § 1.2 og innleiinga i § 2.1.1a for småbåthamner / flytebyggjer blir endra slik at logikken i unntak frå plankravet for inntil 8 båtplassar blir ivareteke.

Revisjonen av føresegnene endrer ikkje på godkjenningsdatoen 17.06.2015 m.o.t. utbyggingstakt eller andre høve som ikkje er omtala i saka.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka

Miljø: Ikkje relevant i denne saka

Økonomi: Ikkje relevant i denne saka

### **Konklusjon**

Administrasjonen rår til at føresegnene blir revidert i tråd med høyringsutkastet datert 06.04.2016, med justeringar i §§ 1.2, 1.5.6, 2.1.1.a og 3.2 og i definisjonen av bueningar som nemnt over. Dei siste justeringane er merka med gul tekst i vedlegg datert 07.10.2016. Dei øvrige justeringane som er omtala i sak 36/2016 har det ikkje kome kommentarar på og er ikkje markert her.

Endeleg framlegg til reviderte føresegner er utan markeringar og datert 19.10.2016, møtedato i formannskapet.

Administrasjonen vurderer endringane som mindre. I gjeldande delegasjonsreglement har formannskapet fått fullmakt til å gjere mindre endringar i kommuneplanens arealdel, som føresegnene er ein del av. Det ikkje er kome vesentlege merknader til endringane, og dei rører ikkje ved prinsipielle sider av planen.

### **Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet godkjenner reviderte føresegner til kommuneplanen sin arealdel, med revisjonsdato 19.10.2016. Endringane gjeld ordlyden i §§ 1.2, 1.5.6, 1.6.3, 1.6.16, 2.1.1, 3.2, 4.1.2 og eitt bnr i tabell 8. Definisjonen av eining er teke inn i §§ 1.6.9, 1.6.12, 1.6.13 og 2.1.1a.»

### **Formannskapet - 92/2016**

#### **FS - behandling:**

Formannskapet ønskjer at saka skal til behandling i kommunestyret.

#### **FS – Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner reviderte føresegner til kommuneplanen sin arealdel, med revisjonsdato 19.10.2016. Endringane gjeld ordlyden i §§ 1.2, 1.5.6, 1.6.3, 1.6.16, 2.1.1, 3.2, 4.1.2 og eitt bnr i tabell 8. Definisjonen av eining er teke inn i §§ 1.6.9, 1.6.12, 1.6.13 og 2.1.1a.»

**Kommunestyret - 103/2016**

**KS - behandling:**

**Endringsframlegg frå Nils Marton Aadland, H:**

"Pkt. 3.2. går ut."

**Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak med endringsframlegg frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.**

**KS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner reviderte føresegner til kommuneplanen sin arealdel, med revisjonsdato 19.10.2016. Endringane gjeld ordlyden i §§ 1.2, 1.5.6, 1.6.3, 1.6.16, 2.1.1, 4.1.2 og eitt bnr i tabell 8. Definisjonen av eining er teke inn i §§ 1.6.9, 1.6.12, 1.6.13 og 2.1.1a.»